Kulturrådet

Kulturrådet
Arts Council Norway




# Statistikk for museum 2020

Kulturrådet samlar inn, behandlar og publiserer statistikk frå norske museum. Det er eit nært samarbeid med Statistisk sentralbyrå, og museumsdata går inn i Noregs offisielle statistikk.

Utgjeve av Kulturrådet

ISBN: 978-82-8105-154-6
Kulturrådet

Postboks 4808 Nydalen
0422 Oslo

Forsidebilde: Marta Anna Løvberg

Tlf: +47 21 04 58 00
post@kulturradet.no
www.kulturradet.no

# Innhald

**Statistikk for museum 2020** **4**

Museumsdrift 5
Besøk 9
Utstillingar og formidling 13
Forsking og fagleg samarbeid 15
Forvalting av samlingar 15
Tabelloversyn besøk, samlingar og årsverk pr. museum 20
Fylkesvise tabellar 22

# Statistikk for museum 2020

Statistikk 2020 for norske museum blei samla inn i februar og mars 2021 og femner om museum med minst eitt fast årsverk i 2020. Museumsstatistikken skal gi eit oversyn over norske museum, og syner informasjon om museumsinstitusjonane, besøk og tilgang, formidling og utstillingar, forsking og samarbeid, forvalting av bygningar og samlingar. Talmaterialet femner om i alt 106 museum. Av desse fekk 69 museum driftstilskot frå Kulturdepartementet. Dei 37 andre musea er mellom anna samiske museum, kommunale museum, universitetsmuseum og museum under andre departement.

Talet på museum som rapporterer varierer litt frå år til år. For musea under Kulturdepartementet heng statistikkrapporteringa saman med det årlege søknads- og rapporteringsarbeidet til departementet, og ev. endringar for denne delen av populasjonen skjer i hovudsak berre om tidlegare sjølvstendige museumseiningar blir slegne saman.

I den andre gruppa museum er nokre av dei små musea litt ustabile med innrapportering slik at dei fell ut innimellom, og i rapporteringsprosessen for 2019 fekk særskilt desse musea ekstra utfordringar grunna koronakrisa og leverte ikkje statistikk. I rapportrunden for 2020 kom nokre av desse musea med att, og talmaterialet i rapporten for 2020 femner om i alt 106 museum.

Rapporten er konsentrert om fem område. Den første delen omtalar drift, organisasjonsform, økonomi og tilsette. Del to presenterer publikumstal og tilgang til musea. Dei neste delane gir informasjon om tre av kjerneoppgåvene til musea: formidling, forsking og forvalting.

# Museumsdrift

Ser vi attende til 2005 har tal institusjonar som er med i museumsstatistikken gått ned frå 188 museum. I 2010 rapporterte 137 museum, i 2015 var det med 116 museum i statistikken, og no i 2020 altså 106 museum. Denne store nedgangen i rapporterande museumseiningar skuldast i hovudsak konsolideringsprosessar der museum har gått saman i større organisasjonar. Over heile landet har desse prosessane gripe inn i eigarstrukturar, eigedomsforhold, organisasjonsform og organisering.

↘ Figur 1 – Organisasjonsform 2020




60 prosent av musea var i 2020 organiserte som stiftingar, 23 prosent var offentlege verksemder/selskapsformer, 14 prosent aksjeselskap og 3 prosent var foreining/lag. I hovudsak gir dette eit bilete av korleis museumsdrifta er organisert, medan organisasjonsforma på overordna nivå gir mindre informasjon om formelt eigarskap til bygningar og samlingar. Mange stader er dei gamle museumsstiftingane (såkalla eigarstiftingar) framleis formelle eigarar av bygningar og samlingar.

Dei 106 musea oppgav i alt 536 interne besøksarenaer. Etter ei tematisk inndeling var det 408 kulturhistoriske arenaer, 60 arenaer formidla kunst/kunsthistorie/designhistorie, 29 arenaer formidla naturhistorie og 11 arenaer arkeologi. I tillegg var det oppgitt at 28 arenaer var eit teknisk industrielt anlegg.

## Økonomi

Lønns- og pensjonskostnader var den største utgiftsposten med samla 50 prosent av kostnadene. Husleige og avskrivingar utgjorde i alt 14 prosent. Utgiftsfordelinga viser at musea har ein kostnadsstruktur med høge faste utgifter. Til samanlikning utgjorde dei ordinære offentlege driftstilskota 69 prosent av driftsinntektene. Medrekna prosjekttilskot var samla offentleg tilskot til musea 80 prosent av inntektsgrunnlaget i 2020. Offentlege tilskot til musea var om lag 4,9 milliardar kroner i 2020, noko som utgjer 778 kroner per innbyggjar.

Tala for 2020 gjer tydeleg at koronakrisa fekk negativ verknad for dei publikumsdrivne eigeninntektene i museumssektoren, m.a. billettinntekter og inntekter frå museumsbutikk og kafédrift.

## ↘ Tabell 2 – Utvikling og fordeling av inntekter (i heile mill.)

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ordinært offentleg tilskot | 2 201 | 2 398 | 2 464 | 2 626 | 2 674 | 2 887 | 3 109 | 3 133 | 3 298 | 3 417 | 3 771 | 4 196 |
| Andre eigeninntekter | 391 | 451 | 411 | 410 | 404 | 544 | 457 | 389 | 624 | 598 | 429 | 453 |
| Billettinntekter | 238 | 258 | 286 | 286 | 269 | 323 | 331 | 351 | 397 | 399 | 401 | 197 |
| Varer og tenester | 286 | 308 | 324 | 335 | 382 | 296 | 456 | 473 | 359 | 355 | 575 | 329 |
| Ekstra offentleg tilskot | 314 | 201 | 297 | 234 | 319 | 279 | 269 | 435 | 337 | 399 | 417 | 679 |
| Sponsorinntekter og gåver | 95 | 116 | 193 | 111 | 118 | 132 | 160 | 133 | 157 | 272 | 274 | 241 |
| | 3 525 | 3 733 | 3 974 | 4 003 | 4 166 | 4 460 | 4 781 | 4 914 | 5 172 | 5 442 | 5 867 | 6 095 |

## ↘ Figur 3 – Prosentvis fordeling av inntekter




Totalt hadde musea eigeninntekter på berre 1,2 milliardar kroner i 2020, mot 1,7 milliardar året før. Eigeninntektene utgjorde 19 prosent av dei totale inntektene, samanlikna med 29 prosent året før.

Musea fekk 272 millionar i sponsorinntekter og gåver i 2020 mot 274 millionar året før. Dette utgjorde 4 prosent av musea sine inntekter, eit tal som har vore ganske stabilt mellom 3 og 5 prosent sidan 2005. I 2020 utgjorde gåveinntektene om lag 182 mill. kroner.

For å kompensere for tapte inntekter under koronapandemien har mange av musea under Kulturdepartementet fått tildelt eingongsmidlar for å unngå nedstenging og for å stimulere til aktivitet. Andre museum har kvalifisert for dei generelle kompensasjons-/stimuleringsordningane for kultursektoren. Samla sett gir resultatet inntrykk av ein sektor som trass i pandemien kom økonomisk heilskinna gjennom 2020.

↘ Tabell 4 – Utvikling og fordeling av utgifter (i heile mill.)

| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Løn | 1 611 | 1 743 | 1 798 | 1 936 | 2 045 | 2 174 | 2 229 | 2 236 | 2 380 | 2 468 | 2 598 | 2 535 |
| Pensjon | 139 | 156 | 149 | 207 | 188 | 205 | 247 | 220 | 237 | 262 | 279 | 272 |
| Andre utgifter | 665 | 671 | 678 | 691 | 794 | 838 | 899 | 985 | 974 | 1 015 | 1 123 | 1 073 |
| Husleige | 355 | 403 | 398 | 417 | 371 | 442 | 489 | 456 | 511 | 515 | 574 | 680 |
| Varer og tenester | 294 | 305 | 297 | 332 | 361 | 382 | 353 | 367 | 392 | 423 | 511 | 411 |
| Drift/vedlikehald av lokale | 337 | 348 | 297 | 325 | 320 | 307 | 357 | 418 | 447 | 424 | 494 | 497 |
| Avskrivingar | 62 | 84 | 88 | 80 | 73 | 77 | 85 | 98 | 100 | 102 | 110 | 127 |
| | **3 462** | **3 710** | **3 704** | **3 988** | **4 152** | **4 425** | **4 660** | **4 779** | **5 039** | **5 208** | **5 690** | **5 690** |

↘ Figur 5 – Prosentvis fordeling av utgifter




## Årsverk

I 2020 vart det rapportert om 4 205 lønna årsverk i norske museum. Av desse var 3 387 faste årsverk. Dei ti siste åra har talet på årsverk i faste stillingar auka jamt. Talet på årsverk i andre lønna stillingar var 818 i 2020, ein nedgang frå 912 i 2019, noko som nok skuldast at musea var avventande med sesongtilsetjingar til det ein venta ville bli ein redusert sommarsesong grunna koronapandemien.

Musea rapporterer også om frivillig innsats omrekna til årsverk. For 2020 rapporterte musea berre om samla 142 frivillige årsverk, noko som er ein markant nedgang frå 230 slike årsverk i 2019. Også denne nedgangen skuldast koronapandemien, og dei avgrensingane smittevernreglar sette for tilgangen til musea. Ikkje minst har dette slått ut i høve til den dugnadsinnsatsen som blir lagt ned i samband med ulike arrangement på musea, og annan frivillig innsats på ulike område. Det svært låge talet for 2020 må forklarast med koronaepidemien.

↘ Figur 6 – Utvikling i tal årsverk




↘ Figur 7 – Fordeling av årsverk




## Personale

I 2020 stod kvinner for 56 prosent av årsverka i faste stillingar. Kvinner utførte 50 prosent av årsverka i leiarstillingar, medan menn utførte 71 prosent av årsverka i dei tekniske stillingane. Kvinnene dominerte i dei administrative årsverka og i dei kunst-, kultur- og naturfaglege årsverka, med høvesvis 72 prosent og 61 prosent. Fordelinga mellom administrative, faglege og tekniske årsverk har endra seg noko sidan dette kom med i statistikken i 2006. Det er særskilt delen faglege årsverk som har gått opp, medan delen årsverk for teknisk personale har gått ned. I museumsstyra var 49 prosent kvinner og 51 prosent menn. Av styreleiarane var 68 prosent menn.

# Besøk

I 2020 hadde dei rapporterande musea 5,1 millionar besøk, det vil seie at besøkstalet gjekk ned med om lag 52 prosent samanlikna med tala for 2019. Koronapandemien var årsak til denne dramatiske endringa. Besøkstalet for gruppa barn og unge gjekk ned med 47 prosent, medan talet for besøk av vaksne fall med 55 prosent. Gruppebesøk vaksne var kategorien besøkande med størst nedgang, heile 79 prosent. Det var nedgang i besøkstal i alle fylka, størst på Svalbard, i Oslo og Vestland der besøkstala gjekk ned meir enn 60 prosent. Minst fall i besøkstala hadde Agder med ein reduksjon på 18 prosent, og Viken og Vestfold og Telemark med kring 30 prosent reduksjon. Stengde museum i første del av koronapandemien, seinare avgrensa publikumstilbod grunna smittevernreglar og mindre pågang frå turistpublikum, gav lågare publikumstal i heile landet. Musea i mellom var det likevel til dels store skilnader, m.a. har museum med romslege uteområde brukt desse til formidling utandørs i sommarsesongen, for andre har nordmenn på reise i eige land kompensert for tap av turistar frå utlandet.

↘ Tabell 8 – Endring i besøkstall fylkesvis

| | 2019 til 2020 |
|---|---|
| Agder | -18 % |
| Viken | -30 % |
| Vestfold og Telemark | -32 % |
| Trøndelag | -41 % |
| Innlandet | -42 % |
| Nordland | -47 % |
| Møre og Romsdal | -49 % |
| Rogaland | -50 % |
| Troms og Finnmark | -57 % |
| Vestland | -60 % |
| Oslo | -65 % |
| Svalbard | -66 % |
| I alt | -52 % |

13 museum hadde besøkstal over 100 000, jf. tabell 29 Desse musea hadde om lag 42 prosent av det samla besøkstalet. 23 museum hadde registrert mindre enn 10 000 besøk. Flest besøk hadde Oslo med 1, 5 mill., dvs. 2,1 besøk per innbyggjar. Landsgjennomsnittet var på om lag eitt besøk per innbyggjar.

4 museum hadde gratis inngang for alle heile året. For dei musea som tok inngangspengar var gjennomsnittsprisen for ein vaksenbillett 96 kroner, medan gjennomsnittspris for barnebillett var 50 kroner.

DigitaltMuseum som gir digital tilgang til musea sine samlingar, hadde i 2020 besøkstal på 5 millionar. I 2020 var det om lag 20,3 millionar besøk på musea sine heimesider, ein oppgang frå 14,6 mill. i 2019.

## ↘ Figur 9 – Besøk (i mill.)




## ↘ Tabell 10 – Best besøkte museumsarenaer (besøk over 50 000)

| | Besøk 2020 |
|---|---|
| Naturhistorisk museum UiO, Botanisk hage utandørs utstillingar | 486 026 |
| Kistefos | 168 950 |
| NTNU Vitenskapsmuseet | 114 376 |
| Nidaros Domkirke (Nidarosdomen) | 110 969 |
| Norsk Teknisk Museum | 106 158 |
| Naturmuseum og Botanisk Hage, UiA | 98 681 |
| Naturhistorisk museum UiO, innandørs utstillingar (Collets hus) | 89 340 |
| Maihaugen | 83 723 |
| Norsk vegmuseum | 78 890 |
| KODE kunstmuseer og komponisthjem* | 73 968 |
| Norsk Folkemuseum | 65 837 |
| Vikingskipshuset | 65 623 |
| Frammuseet | 63 091 |
| Norsk Oljemuseum | 61 249 |
| Bogstad Gård | 60 948 |
| Rørosmuseet | 56 010 |
| Stiklestad Nasjonale Kultursenter | 55 294 |
| Astrup Fearnley Museet | 54 006 |
| Vitenparken Campus Ås | 53 699 |

*Leverer tal samla for fleire arenaer, ikkje sikkert om det er enkeltareaner her som har meir enn 50 000 besøk.

## Barn og unge

Musea legg stor vekt på å ha eit godt tilbod til det yngste publikummet og samarbeider med skulane om besøk og formidling. 86 prosent av musea hadde ein plan for formidling retta mot barn og unge mot 79 prosent i 2019.

Barn og unge stod for 1,19 millionar av museumsbesøka i 2020. Dette svarar til 23 prosent av det totale besøket. 391 068 barn og unge deltok i organisert undervisning i 2020 mot 821 800 i 2019.

Talet på barn og unge som var med på tiltak i regi av Den kulturelle skulesekken har gått attende kvart år i perioden frå 2010 (då om lag 380 000 barn deltok) til 2017. I 2018 gjekk talet opp, og det heldt seg på om lag same nivå i 2019 då 238 000 barn var med på slike tiltak. I 2020 var talet 135 789. Talet på museum som har internettbaserte pedagogiske opplegg for barn og unge gjekk derimot kraftig opp. Der 37 prosent av musea hadde slike opplegg i 2019 gjekk talet opp til 56 prosent i 2020. Dette må sjåast i samanhengen med koronarelaterte endringar i det fysiske aktivitetsmønsteret også i skolesamanheng.

↘ Figur 11 – Barn og unge som har delteke i pedagogiske tiltak (i heile 1000)




↘ Figur 12 – Tal besøk på digitaltmuseum.no (1 000)



# Utstillingar og formidling

Gjennom målretta tilrettelegging og nyskapande formidling skal musea fremje innsikt og refleksjon. Den viktigaste formidlingskanalen er utstillingane. Koronapandemien, med i periodevis stengde museum og smittevernreglar som sette grenser for publikumsbesøk, verka inn på formidlingsaktiviteten, og tala i rapporteringa viser redusert aktivitet.

## Utstillingar og formidling

I 2020 hadde musea i alt 2 240 utstillingar mot 2 483 året før, og av desse vart 649 opna i løpet av 2020, mot 814 året før. Musea rapporterte i tillegg om 186 eigenproduserte vandreutstillingar, av desse var 25 nyproduserte i rapporteringsåret.

## Opne møte, konsertar, teater

Desse arrangementa er ein viktig del av rolla musea har som kunnskapsarenaer og som møteplassar i lokalsamfunnet. Tala for 2020 syner at denne typen arrangement blei hardt ramma av koronapandemien. Musea melde at dei hadde 4 444 opne møte, 607 konsertar og 1 299 framsyningar av 162 teateroppsetjingar i 2020. Talet på opne møte har auka gjennom dei siste ti åra, men blei nær halvert frå 2019 til 2020.

↘ Figur 13 – Tal utstillingar



↘ Figur 14 – Universell utforming




## Universell utforming

Når det gjeld fysisk tilrettelegging, er omsynet til bevaring ei utfordring for mange av musea. 90 prosent av musea opplyser for 2020 at dei har tilrettelagde lokale, med for eksempel teleslynge, heis for rullestolbrukarar og rullestolrampar. 81 prosent av musea hadde formidling som var lagt til rette for menneske med nedsett funksjonsevne, til dømes merking med blindeskrift, teiknspråk, storskrift og lettlesen informasjon.

Det har vore ei positiv utvikling for universell utforming i musea på overordna nivå, men dersom ein ser på tal frå dei einskilde, interne arenaene, er tala lågare. Berre 45 prosent av arenaene er fysisk lagt til rette, og berre ved 36 prosent av dei er formidlinga lagt til rette.

Då ikkje alle har tilgang til alle museumsbygg og anlegg, blir det særskilt viktig å utforme museet sine nettsider slik at fleire kan ta del i tilbodet. Musea blir spurde om heimesidene deira følgjer DIFIs retningsliner for universell utforming, og 75 prosent av musea melde at heimesidene deira følgde standarden som ligg til grunn. Dette er ei betring frå 63 pst. i 2019.

# Forsking og fagleg samarbeid

## Forsking

Forsking og kunnskapsutvikling er eit nødvendig fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Talet på tilsette med doktorgrad har vore stigande dei siste åra. I 2020 vart det rapportert om heile 371 tilsette med doktorgrad, mot 175 i 2011 og 344 i 2019. 67 prosent av dei tilsette med doktorgrad arbeidde ved eitt av dei sju universitetsmusea.

Talet publikasjonar totalt har gått opp, og særskilt har det vore auke for fagfellevurderte forskingsartiklar. Talet på publiserte forskingsartiklar med fagfellevurdering var 653 i 2020 mot 511 året før. 59 av musea rapporterte om tilsette med doktorgrad. Det er universitetsmusea som har flest tilsette med doktorgrad. Desse musea stod også for 83 prosent av dei fagfellevurderte forskingsartiklane.

## Fagleg samarbeid

65 museum har vore med i eitt eller fleire forskings- og utviklingsprosjekt i 2020, mot 61 året før. Musea rapporterte om til saman 437 prosjektdeltakingar. Dei faglege og tematiske museumsnettverka har vore viktige plattformer for den faglege utviklinga i musea dei ti siste åra. Av dei 106 musea i statistikken deltok 48 museum i eitt eller fleire samarbeidsprosjekt i regi av museumsnettverka. Fleire av desse prosjekta kan vere samanfallande med dei allereie omtala FoU-prosjekta.

## Utlån

Tala for utlån frå samlingane syner at 66 av musea lånte ut i alt 6 986 gjenstandar til andre museum i 2020. I tillegg låner musea også ut fotografi, både til andre museum og til institusjonar utanfor museumssektoren.

↘ Figur 15 – Formell kompetanse



# Forvalting av samlingar

## Samlingane

Musea forvaltar og formidlar store samlingar. I alt blei det for 2020 rapportert om 23,8 millionar gjenstandar og 39,2 millionar fotografi. 77 museum forvalta i alt 5 103 kulturhistoriske bygningar i 2020, og 36 museum rapporterte om totalt 83 teknisk industrielle anlegg. 43 av musea forvalta 175 ulike kulturlandskap, med eit samla brutto areal på om lag 33 885 dekar, og 49 av musea hadde ansvar for 211 hageanlegg, totalt om lag 3 399 dekar. Den store auken for kulturlandskap skuldast i hovudsak at nokre museum har teke i bruk ny standard for berekningsmåte. I tillegg til at musea forvaltar desse samlingane, har musea store samlingar av private arkiv. Dette går fram av statistikk som for arkivområdet blir publisert av Riksarkivet.

↘ Figur 16 – Fordeling gjenstander og fotografi (i mill.)



↘ Figur 17 – Årleg tilvekst av gjenstandar




↘ Figur 18 – Årleg tilvekst av fotografi (i heile 1 000)




↘ Figur 19 –Fotografi, del som er registrert, digitalisert og publisert



↘ Figur 20 – Kunsthistoriske gjenstandar, del som er registrert, digitalisert og publisert




↘ Figur 21 – Kulturhistoriske gjenstandar, del som er registrert, digitalisert og publisert




↘ Figur 22 – Arkeologiske gjenstandar, del som er registrert, digitalisert og publisert



↘ Figur 23 – Naturhistoriske gjenstandar, del som er registrert, digitalisert og publisert




↘ Figur 24 – Oppbevaring kunsthistoriske gjenstandar




↘ Figur 25 – Oppbevaring kulturhistoriske gjenstandar



## ↘ Figur 26 – Oppbevaring arkeologiske gjenstandar




## ↘ Figur 27 – Oppbevaring naturhistoriske gjenstandar




## ↘ Figur 28 – Oppbevaring fotografi



## ↘ Tabell 29 – Besøk, samlingar og årsverk pr. museum

| | Besøk 2020 | Gjenstandar i alt | Fotografi i alt | Årsverk i alt |
|---|---|---|---|---|
| Anno museum | 99 730 | 176 350 | 4 570 000 | 125 |
| Árran Lulesamisk senter / Árran - julevsáme guovdásj | 1 923 | 10 665 | 22 300 | 6 |
| Astrup Fearnley Museet | 54 006 | 1 510 | - | 17 |
| Aust-Agder museum og arkiv | 41 660 | 96 335 | 91 437 | 56 |
| Baroniet Rosendal | 46 700 | 12 700 | 500 | 11 |
| Blaafarveværket | 90 843 | 1 394 | - | 26 |
| Buskerudmuseet | 40 498 | 139 386 | 270 445 | 46 |
| Bymuseet i Bergen | 44 034 | 92 430 | 88 287 | 56 |
| Dalane folkemuseum | 37 430 | 44 094 | 106 943 | 15 |
| Davvi álbmogiid guovddáš OS / Senter for nordlige folk | - | 89 | 17 | 3 |
| Det Internasjonale Barnekunstmuseet | 3 307 | 150 000 | - | 3 |
| Drammens museum for kunst og kulturhistorie | 19 117 | 51 987 | 250 000 | 12 |
| Falstadsenteret | - | 720 | 2 550 | 24 |
| Forsvarets museer | 89 207 | 380 000 | 300 000 | 44 |
| Frammuseet | 63 091 | 1 420 | 9 900 | 13 |
| Galleri F 15 | 19 223 | 23 | 21 153 | 15 |
| Galleri Svalbard | 4 266 | 390 | - | 2 |
| Gudbrandsdalsmusea | 66 484 | 13 089 | 218 145 | 10 |
| Hardanger og Voss museum | 24 299 | 52 180 | 94 604 | 58 |
| Haugalandmuseet | 21 352 | 82 600 | 672 000 | 19 |
| Helgeland Museum | 48 881 | 119 192 | 629 555 | 35 |
| Henie Onstad Kunstsenter | 56 352 | 8 096 | 671 | 21 |
| Horg Bygdatun og Museumslag | - | 5 217 | 320 | 2 |
| Ishavsmuseet Aarvak | 4 989 | 5 050 | 70 000 | 6 |
| Justismuseet | 4 854 | 22 253 | 10 224 | 6 |
| Jærmuseet | 139 996 | 50 407 | 194 109 | 67 |
| Jødisk Museum i Oslo | 3 879 | 2 865 | 6 563 | 7 |
| Jødisk museum Trondheim | 4 027 | 2 898 | 8 500 | 7 |
| Kistefos-Museet | 168 950 | 422 | 1 943 | 13 |
| KODE Kunstmuseer og komponisthjem | 73 968 | 51 187 | 101 | 63 |
| Kon-Tiki Museet | 37 128 | 9 953 | 209 152 | 9 |
| Kraftmuseet | 15 178 | 12 162 | 155 465 | 16 |
| Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 101 298 | 2 732 839 | 1 000 535 | 186 |
| Lillehammer museum | 110 027 | 89 300 | 500 000 | 92 |
| MiA Museene i Akershus | 108 291 | 68 774 | 4 345 247 | 96 |
| Midt-Troms Museum | 12 205 | 30 300 | 67 402 | 18 |
| Mjøsmuseet | 27 267 | 31 328 | 820 085 | 32 |
| MUNCH | 44 947 | 41 182 | 374 | 130 |
| Musea i Sogn og Fjordane | 26 590 | 125 598 | 37 503 | 57 |
| Musea på Sunnmøre | 54 947 | 44 842 | 322 857 | 45 |
| Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark | 15 905 | 14 486 | 78 000 | 25 |
| Museene i Sør-Trøndelag | 193 221 | 223 513 | 4 080 255 | 194 |
| Museet Midt | 44 124 | 21 989 | 8 650 | 37 |
| Museum Nord | 106 604 | 82 430 | 398 556 | 76 |
| Museum Stavanger | 79 289 | 127 970 | 64 367 | 53 |
| Museum Vest | 65 903 | 32 994 | 107 331 | 60 |
| Museumssenteret i Hordaland | 9 578 | 40 357 | 17 741 | 39 |
| Narviksenteret m/Narvik Krigsmuseum | 20 284 | 29 663 | 8 339 | 11 |
| Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design | 61 996 | 407 368 | - | 227 |
| Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 594 074 | 6 027 000 | - | 149 |
| Naturmuseum og botanisk hage - Universitetet i Agder | 98 681 | 111 243 | 4 503 | 26 |
| Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider | 119 163 | 13 045 | 20 000 | 60 |
| Nobels Fredssenter | 35 706 | 1 | 1 042 | 24 |
| Nord-Troms Museum | 3 649 | 19 210 | 52 780 | 9 |

| | Besøk 2020 | Gjenstandar i alt | Fotografi i alt | Årsverk i alt |
|---|---|---|---|---|
| Nordlandsmuseet | 61 678 | 54 834 | 272 556 | 53 |
| Nordmøre museum | 41 071 | 45 651 | 227 871 | 27 |
| Nordnorsk Kunstmuseum | 9 937 | 2 186 | - | 17 |
| Norges Arktiske Universitetsmuseum og Polarmuseet | 71 688 | 956 221 | 368 515 | 120 |
| Norsk Bergverksmuseum | 11 615 | 53 018 | 37 163 | 17 |
| Norsk bremuseum | 18 213 | 4 | 44 | 4 |
| Norsk Folkemuseum | 193 427 | 338 116 | 2 550 000 | 199 |
| Norsk Industriarbeidermuseum | 77 263 | 17 031 | 584 459 | 39 |
| Norsk Jernbanemuseum | 10 795 | 10 256 | 41 066 | 31 |
| Norsk Luftfartsmuseum | 26 600 | 16 515 | 66 290 | 26 |
| Norsk Oljemuseum | 61 249 | 6 158 | 105 000 | 24 |
| Norsk Skogfinsk Museum | 7 435 | 34 800 | 351 000 | 5 |
| Norsk Teknisk Museum | 108 373 | 91 701 | 2 574 450 | 64 |
| Norsk Tindemuseum | 20 407 | 6 912 | 12 835 | 6 |
| Norsk vegmuseum | 78 890 | 19 058 | 60 000 | 32 |
| NTNU Vitenskapsmuseet | 114 376 | 3 431 582 | 75 | 141 |
| Nynorsk kultursentrum | 12 183 | 7 339 | 616 | 25 |
| Næs Jernverksmuseum | 11 451 | 8 310 | 95 | 6 |
| Oppdalsmuseet | 1 297 | 5 000 | - | 6 |
| Oslo ladegård - Kulturetaten | - | - | - | 3 |
| Oslo Museum | 22 295 | 39 636 | 986 094 | 37 |
| Oslo Skolemuseum | 994 | 2 925 | - | 3 |
| Perspektivet Museum | 23 198 | 15 439 | 76 414 | 8 |
| Preus museum | 13 775 | 57 132 | 300 000 | 14 |
| Randsfjordmuseene | 16 136 | 30 869 | 91 137 | 18 |
| RiddoDuottarMuseat | 5 947 | 11 162 | 24 470 | 19 |
| Romsdalsmuseet | 61 419 | 28 284 | 1 440 500 | 24 |
| Ryfylkemuseet | 10 313 | 21 715 | 140 393 | 16 |
| Skibladner | 10 129 | - | - | 13 |
| Skimuseet i Holmenkollen | 38 171 | 3 453 | 2 000 | 7 |
| Stabbursnes Naturhus og Museum | 2 027 | 120 | - | 3 |
| Stiftelsen Nordisk Bibelmuseum | 2 625 | 5 629 | - | 6 |
| Stiftelsen Saemien Sijte | 998 | 721 | 2 136 | 11 |
| Stiftelsen Tana og Varanger Museumssiida - Deanu ja Várjjat Museasidda Vuoddudus | 16 159 | 6 099 | 18 996 | 14 |
| Stiklestad Nasjonale Kultursenter | 83 625 | 77 110 | 1 211 532 | 46 |
| Sunnhordland Museum | 42 351 | 22 729 | 31 219 | 9 |
| Svalbard museum | 12 308 | 54 044 | 28 387 | 3 |
| Sør-Troms Museum | 21 174 | 47 439 | 59 046 | 27 |
| Sørlandets Kunstmuseum | 21 837 | 1 725 | - | 33 |
| Telemark Museum | 35 593 | 109 043 | 2 679 730 | 38 |
| Universitetet i Stavanger, Arkeologisk museum | 19 487 | 1 449 493 | 206 576 | 95 |
| Universitetsmuseet i Bergen | 40 595 | 4 390 542 | 306 984 | 154 |
| Valdresmusea | 21 174 | 28 992 | 398 791 | 19 |
| Varanger museum | 33 907 | 28 201 | 430 933 | 23 |
| Vardobáiki museum | 3 237 | 645 | 20 000 | 3 |
| Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum | 26 344 | 3 190 | 6 502 | 28 |
| Vest-Agder-museet | 59 441 | 59 180 | 212 065 | 53 |
| Vest-Telemark museum | 28 544 | 24 697 | 110 372 | 17 |
| Vestfoldmuseene | 108 151 | 68 009 | 1 260 858 | 77 |
| Vigeland-museet | 8 700 | 22 100 | - | 9 |
| Vitenparken Campus Ås | 53 699 | 8 491 | 324 694 | 21 |
| Østfoldmuseene | 92 871 | 117 240 | 1 586 664 | 58 |

## ↘ Tabell 30 – Organisasjonsform 2020

| | Tal einingar | Stifting | Aksjeselskap | Statleg verksemd | Interkommunalt selskap | Kommunal verksemd | Foreining/lag |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 5 | 2 | 0 | 1 | 2 | 0 | 0 |
| Innlandet | 10 | 2 | 6 | 2 | 0 | 0 | 0 |
| Møre og Romsdal | 6 | 6 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Nordland | 7 | 6 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Oslo | 18 | 9 | 1 | 3 | 0 | 4 | 1 |
| Rogaland | 7 | 4 | 2 | 1 | 0 | 0 | 0 |
| Troms og Finnmark | 13 | 7 | 2 | 1 | 3 | 0 | 0 |
| Trøndelag | 11 | 3 | 2 | 2 | 1 | 1 | 2 |
| Vestfold og Telemark | 5 | 4 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 |
| Vestland | 11 | 10 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 |
| Viken | 11 | 10 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Svalbard | 2 | 1 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 |
| **I alt** | **106** | **64** | **15** | **11** | **7** | **6** | **3** |

## ↘ Tabell 31 – Inntekter (i heile 1 000)

| | Innbyggjartal* | Billett-inntekter | Varer og tenester (inntekt) | Sponsor-inntekter | Gåver | Andre eigen-inntekter | Ordinært driftstilskot frå staten | Ordinært driftstilskot frå fylkes-kommunen | Ordinært driftstilskot frå kommunen | Ekstra tilskot frå staten | Ekstra tilskot frå fylkes-kommunen | Ekstra tilskot frå kommunen | Inntekter i alt | Eigen-inntekter som del av totale inntekter | Ordinært offentleg driftstilskot per innbyggjar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 308 843 | 4 097 | 10 200 | - | 16 738 | 10 466 | 74 528 | 30 663 | 28 287 | 12 845 | 8 275 | 6 964 | 203 063 | 20 % | kr 432 |
| Innlandet | 370 603 | 17 469 | 18 603 | 2 899 | 8 609 | 19 825 | 269 263 | 40 232 | 21 624 | 41 656 | 4 235 | 464 | 444 879 | 15 % | kr 893 |
| Møre og Romsdal | 265 544 | 3 685 | 17 601 | 348 | 3 357 | 2 469 | 66 606 | 24 337 | 14 562 | 18 716 | 6 210 | 1 009 | 158 900 | 17 % | kr 397 |
| Nordland | 240 345 | 19 435 | 36 708 | 637 | 1 120 | 30 458 | 98 054 | 24 644 | 28 601 | 18 648 | 1 337 | 462 | 260 104 | 34 % | kr 630 |
| Oslo | 697 010 | 50 107 | 94 545 | 24 735 | 86 726 | 159 095 | 1 451 495 | - | 208 524 | 110 266 | 100 015 | 2 624 | 2 288 132 | 18 % | kr 2 382 |
| Rogaland | 482 645 | 9 991 | 12 678 | 5 463 | 9 928 | 57 084 | 146 946 | 42 904 | 46 866 | 19 458 | 3 332 | 3 652 | 358 302 | 27 % | kr 490 |
| Troms og Finnmark | 242 168 | 6 306 | 9 917 | - | 234 | 2 278 | 105 073 | 16 064 | 24 907 | 39 282 | 5 543 | 1 450 | 211 054 | 9 % | kr 603 |
| Trøndelag | 471 124 | 25 722 | 44 874 | 570 | 5 213 | 86 169 | 374 770 | 54 575 | 27 070 | 46 515 | 16 798 | 7 063 | 689 339 | 24 % | kr 969 |
| Vestfold og Telemark | 421 882 | 9 552 | 11 453 | 2 240 | 4 215 | 4 137 | 98 100 | 41 525 | 28 020 | 41 132 | 8 803 | 3 868 | 253 045 | 12 % | kr 397 |
| Vestland | 638 821 | 20 762 | 30 791 | 19 363 | 6 465 | 63 232 | 318 582 | 67 601 | 113 417 | 60 363 | 4 273 | 17 855 | 722 704 | 19 % | kr 782 |
| Viken | 1 252 384 | 29 395 | 38 866 | 2 826 | 39 194 | 17 421 | 163 789 | 77 122 | 51 720 | 41 243 | 12 858 | 7 447 | 481 881 | 27 % | kr 234 |
| Svalbard | – | 951 | 3 005 | – | – | 289 | 15 262 | – | – | 3 755 | – | 692 | 23 954 | 18 % | - |
| **I alt** | **5 391 369** | **197 472** | **329 241** | **59 081** | **181 799** | **452 923** | **3 182 468** | **419 667** | **593 598** | **453 879** | **171 679** | **53 550** | **6 095 357** | **20 %** | **kr 778** |

*Tal frå SSB, starten av 1. kvartal 2021

## ↘ Tabell 32 – Utgifter (i heile 1 000)

| | Varer og tenester | Løn | Pensjon | Av-skrivningar | Drift av lokale | Vedlikehald av lokale | Husleige | Andre drifts-kostnader | Totale kostnader |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 11 010 | 93 839 | 10 308 | 2 879 | 9 098 | 12 437 | 2 403 | 46 941 | 188 915 |
| Innlandet | 24 902 | 216 257 | 20 620 | 8 280 | 23 267 | 41 295 | 11 294 | 77 131 | 423 046 |
| Møre og Romsdal | 12 487 | 74 959 | 7 564 | 5 963 | 8 070 | 8 515 | 2 505 | 31 748 | 151 811 |
| Nordland | 8 603 | 109 372 | 10 978 | 13 229 | 16 718 | 11 132 | 27 093 | 50 949 | 248 074 |
| Oslo | 160 369 | 817 781 | 82 577 | 43 116 | 46 389 | 42 164 | 410 354 | 376 925 | 1 979 675 |
| Rogaland | 36 271 | 189 823 | 20 670 | 4 728 | 10 891 | 12 308 | 15 881 | 57 172 | 347 744 |
| Troms og Finnmark | 8 885 | 93 760 | 11 469 | 2 456 | 15 289 | 6 931 | 15 380 | 39 607 | 193 777 |
| Trøndelag | 51 734 | 313 305 | 35 628 | 3 895 | 26 251 | 55 183 | 65 585 | 103 400 | 654 981 |
| Vestfold og Telemark | 31 921 | 118 701 | 12 482 | 4 285 | 11 483 | 12 735 | 5 930 | 38 838 | 236 375 |
| Vestland | 45 029 | 305 979 | 37 730 | 25 172 | 23 949 | 41 891 | 100 214 | 116 221 | 696 185 |
| Viken | 17 989 | 194 786 | 21 474 | 12 516 | 23 640 | 34 957 | 13 520 | 132 045 | 450 927 |
| Svalbard | 1 993 | 6 926 | 334 | 450 | 1 946 | 244 | 10 175 | 2 353 | 24 421 |
| **I alt** | **411 193** | **2 535 488** | **271 834** | **126 969** | **216 991** | **279 792** | **680 334** | **1 073 330** | **5 595 931** |

## ↘ Tabell 33 – Årsverk

| | Faste stillingar | | | Mellombelse stillingar | | | Arbeidsmarknadstiltak | | | Lærlingar | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Årsverk | Andel kvinner | Andel menn | Årsverk | Andel kvinner | Andel menn | Årsverk | Andel kvinner | Andel menn | Årsverk | Andel kvinner | Andel menn | Lønna årsverk totalt | Frivillige årsverk |
| Agder | 145 | 55 % | 45 % | 24 | 73 % | 27 % | 3,64 | 14 % | 86 % | 1 | 0 % | 100 % | 174 | 11 |
| Innlandet | 316 | 51 % | 49 % | 44 | 50 % | 50 % | 15,3 | 26 % | 74 % | 2 | 0 % | 100 % | 376 | 20 |
| Møre og Romsdal | 107 | 51 % | 49 % | 20 | 70 % | 30 % | 4,93 | 38 % | 62 % | 2 | 0 % | 100 % | 133 | 16 |
| Nordland | 146 | 54 % | 46 % | 53 | 57 % | 43 % | 7,87 | 35 % | 65 % | 1 | 100 % | 0 % | 208 | 5 |
| Oslo | 923 | 56 % | 44 % | 202 | 65 % | 35 % | 9 | 50 % | 50 % | 2 | 100 % | 0 % | 1136 | 14 |
| Rogaland | 244 | 64 % | 36 % | 39 | 71 % | 29 % | 4,33 | 54 % | 46 % | 1 | 100 % | 0 % | 288 | 7 |
| Troms og Finnmark | 225 | 69 % | 31 % | 85 | 69 % | 31 % | 5,47 | 31 % | 69 % | 2 | 0 % | 100 % | 317 | 9 |
| Trøndelag | 426 | 53 % | 47 % | 93 | 59 % | 41 % | 8,07 | 42 % | 58 % | 5 | 18 % | 82 % | 533 | 21 |
| Vestfold og Telemark | 158 | 62 % | 38 % | 25 | 68 % | 32 % | 1,4 | 0 % | 100 % | 0 | | | 184 | 3 |
| Vestland | 437 | 55 % | 45 % | 77 | 65 % | 35 % | 5,43 | 30 % | 70 % | 6 | 7 % | 93 % | 526 | 13 |
| Viken | 257 | 56 % | 44 % | 38 | 78 % | 22 % | 7,96 | 26 % | 74 % | 21 | 47 % | 53 % | 324 | 24 |
| Svalbard | 3 | 26 % | 74 % | 2 | 55 % | 45 % | 0 | | | 0 | | | 5 | 0 |
| **I alt** | **3387** | **56 %** | **44 %** | **702** | **65 %** | **35 %** | **73,4** | **34 %** | **66 %** | **43** | **35 %** | **65 %** | **4205** | **142** |

## ↘ Tabell 34 – Årsverk, type stilling

| | Administrasjon og leiing | | | Museumsfaglege stillingar | | | Tekniske stillingar | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Årsverk | Andel kvinner | Andel menn | Årsverk | Andel kvinner | Andel menn | Årsverk | Andel kvinner | Andel menn | Tilsette i faste stillingar, totalt |
| Agder | 38 | 53 % | 47 % | 97 | 67 % | 33 % | 29 | 21 % | 79 % | 131 |
| Innlandet | 76 | 61 % | 39 % | 190 | 61 % | 39 % | 105 | 19 % | 81 % | 386 |
| Møre og Romsdal | 26 | 61 % | 39 % | 87 | 58 % | 42 % | 19 | 10 % | 90 % | 120 |
| Nordland | 55 | 71 % | 29 % | 114 | 59 % | 41 % | 36 | 11 % | 89 % | 171 |
| Oslo | 362 | 65 % | 35 % | 596 | 61 % | 39 % | 162 | 30 % | 70 % | 963 |
| Rogaland | 49 | 76 % | 24 % | 209 | 65 % | 35 % | 30 | 46 % | 54 % | 333 |
| Troms og Finnmark | 79 | 76 % | 24 % | 193 | 68 % | 32 % | 28 | 30 % | 70 % | 244 |
| Trøndelag | 86 | 68 % | 32 % | 368 | 54 % | 46 % | 64 | 26 % | 74 % | 509 |
| Vestfold og Telemark | 43 | 75 % | 25 % | 116 | 68 % | 32 % | 25 | 19 % | 81 % | 185 |
| Vestland | 113 | 77 % | 23 % | 257 | 55 % | 45 % | 156 | 42 % | 58 % | 537 |
| Viken | 67 | 75 % | 25 % | 163 | 64 % | 36 % | 84 | 28 % | 72 % | 322 |
| Svalbard | 5 | 80 % | 20 % | 5 | 60 % | 40 % | 2 | 100 % | 0 % | 12 |
| **I alt** | **999** | **69 %** | **31 %** | **2394** | **61 %** | **39 %** | **739** | **29 %** | **71 %** | **3913** |

## ↘ Tabell 35 – Kompetanse og kunnskapsproduksjon

| | Tilsette med doktorgrad | Tilsette med autorisasjon som konservator NMF | Tilsette med autorisasjon som førstekonservator NMF | Tal større publikasjonar | Tal forskings-artiklar med fagfellevurdering | Tal andre publiserte fagartiklar |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 6 | 8 | 5 | 3 | 3 | 48 |
| Innlandet | 11 | 20 | 7 | 15 | 15 | 73 |
| Møre og Romsdal | 5 | 3 | 3 | 12 | 6 | 37 |
| Nordland | 8 | 1 | 3 | 5 | 6 | 22 |
| Oslo | 148 | 57 | 21 | 56 | 257 | 135 |
| Rogaland | 25 | 12 | 4 | 10 | 46 | 66 |
| Troms og Finnmark | 31 | 6 | 1 | 5 | 63 | 68 |
| Trøndelag | 68 | 15 | 4 | 13 | 117 | 87 |
| Vestfold og Telemark | 3 | 5 | 3 | 7 | 13 | 42 |
| Vestland | 50 | 10 | 4 | 15 | 101 | 19 |
| Viken | 15 | 15 | 1 | 32 | 18 | 68 |
| Svalbard | 1 | 1 | 0 | 1 | 1 | 0 |
| **I alt** | **371** | **153** | **56** | **174** | **646** | **665** |

## ↘ Tabell 36 – Styresamansetjing

| | Tal einingar | Tal einingar med styre | Tal kvinnelege styreleiarar | Tal mannlege styreleiarar | Tal kvinnelege styrerepre-sentantar | Tal mannlege styrerepre-sentantar | Tal kvinnelege vararepresen-tantar | Tal mannlege vararepresen-tantar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 5 | 4 | 1 | 3 | 15 | 12 | 14 | 17 |
| Innlandet | 10 | 9 | 1 | 8 | 28 | 28 | 17 | 13 |
| Møre og Romsdal | 6 | 6 | 0 | 6 | 15 | 18 | 9 | 10 |
| Nordland | 7 | 6 | 3 | 3 | 16 | 23 | 16 | 22 |
| Oslo | 18 | 14 | 6 | 8 | 44 | 42 | 25 | 14 |
| Rogaland | 7 | 7 | 1 | 6 | 26 | 32 | 31 | 29 |
| Troms og Finnmark | 13 | 14 | 4 | 10 | 42 | 30 | 43 | 34 |
| Trøndelag | 11 | 11 | 4 | 7 | 29 | 35 | 25 | 21 |
| Vestfold og Telemark | 5 | 5 | 1 | 4 | 14 | 13 | 12 | 13 |
| Vestland | 11 | 11 | 4 | 7 | 39 | 31 | 39 | 35 |
| Viken | 11 | 10 | 6 | 4 | 29 | 32 | 22 | 28 |
| Svalbard | 2 | 1 | 0 | 1 | 2 | 3 | 3 | 3 |
| **I alt** | **106** | **98** | **31** | **67** | **299** | **299** | **256** | **239** |

## ↘ Tabell 37 – Besøk

| | Innbyggjartal | Besøk per innbyggjar | Tal einskildbesøk i alt | Einskildbesøk barn og unge som del av einskildbesøk i alt | Besøk i grupper i alt | Besøk i grupper barn og unge som del av gruppebesøk i alt | Besøk i alt | Besøk barn og unge som del av besøk i alt | Besøk betalande som del av besøk i alt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 308 843 | 0,8 | 199 781 | 14 % | 33 289 | 77 % | 233 070 | 23 % | 66 % |
| Innlandet | 370 603 | 1,2 | 392 656 | 16 % | 55 411 | 80 % | 448 067 | 24 % | 50 % |
| Møre og Romsdal | 265 544 | 0,7 | 120 567 | 17 % | 74 449 | 33 % | 195 016 | 23 % | 43 % |
| Nordland | 240 345 | 1,1 | 230 699 | 18 % | 35 271 | 39 % | 265 970 | 21 % | 67 % |
| Oslo | 697 010 | 2,1 | 1 345 201 | 14 % | 118 023 | 69 % | 1 463 224 | 18 % | 37 % |
| Rogaland | 482 645 | 0,8 | 283 970 | 31 % | 85 146 | 69 % | 369 116 | 40 % | 43 % |
| Troms og Finnmark | 242 168 | 1,0 | 189 925 | 15 % | 55 452 | 27 % | 245 377 | 18 % | 41 % |
| Trøndelag | 471 124 | 1,2 | 484 968 | 27 % | 80 717 | 73 % | 565 685 | 33 % | 51 % |
| Vestfold og Telemark | 421 882 | 0,6 | 218 324 | 23 % | 45 002 | 81 % | 263 326 | 33 % | 52 % |
| Vestland | 638 821 | 0,6 | 363 004 | 14 % | 44 405 | 61 % | 407 409 | 19 % | 52 % |
| Viken | 1 252 384 | 0,5 | 581 535 | 13 % | 79 924 | 59 % | 661 459 | 19 % | 45 % |
| Svalbard | - | - | 11 312 | 9 % | 5 262 | 31 % | 16 574 | 16 % | 78 % |
| **I alt** | **5 391 369** | **1,0** | **4 421 942** | **17 %** | **712 351** | **61 %** | **5 134 293** | **23 %** | **47 %** |

## ↘ Tabell 38 – Opningstider og billettprisar

| | Tal museum med gratis tilgjenge heile året | Tal museum med gratis tilgjenge i sesong eller på enkeltdagar | Tal museum gratis for grunnskuleelevar heile året | Gratis for elevar i vidaregåande skule heile året | Gjennomsnittleg pris vaksen | Gjennomsnittleg pris barn |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 0 | 2 | 3 | 2 | kr 88 | kr 67 |
| Innlandet | 1 | 7 | 4 | 3 | kr 115 | kr 65 |
| Møre og Romsdal | 0 | 6 | 3 | 1 | kr 97 | kr 42 |
| Nordland | 0 | 6 | 3 | 3 | kr 77 | kr 45 |
| Oslo | 1 | 8 | 9 | 6 | kr 114 | kr 53 |
| Rogaland | 0 | 7 | 2 | 1 | kr 92 | kr 50 |
| Troms og Finnmark | 1 | 9 | 7 | 6 | kr 76 | kr 36 |
| Trøndelag | 1 | 5 | 3 | 2 | kr 90 | kr 53 |
| Vestfold og Telemark | 0 | 5 | 3 | 2 | kr 89 | kr 58 |
| Vestland | 0 | 6 | 4 | 3 | kr 101 | kr 50 |
| Viken | 0 | 9 | 4 | 1 | kr 94 | kr 47 |
| Svalbard | 0 | 1 | 2 | 2 | kr 88 | kr 15 |
| **I alt** | **4** | **71** | **47** | **32** | **kr 96** | **kr 50** |

## ↘ Tabell 39 – Utstillingar

| | Tal utstillingar | Nye utstillingar | Tal eigenproduserte vandreutstillingar | Nye eigenproduserte vandreutstillingar |
|---|---|---|---|---|
| Agder | 120 | 33 | 1 | 0 |
| Innlandet | 202 | 67 | 5 | 1 |
| Møre og Romsdal | 134 | 38 | 43 | 1 |
| Nordland | 257 | 61 | 14 | 1 |
| Oslo | 223 | 54 | 36 | 9 |
| Rogaland | 167 | 44 | 3 | 1 |
| Troms og Finnmark | 219 | 72 | 33 | 5 |
| Trøndelag | 212 | 102 | 33 | 4 |
| Vestfold og Telemark | 152 | 36 | 2 | 0 |
| Vestland | 301 | 62 | 7 | 1 |
| Viken | 248 | 76 | 9 | 2 |
| Svalbard | 5 | 4 | 0 | 0 |
| **I alt** | **2 240** | **649** | **186** | **25** |

## ↘ Tabell 40 – Pedagogisk verksemd og særskilte tiltak

| | Tal einingar | Barn og unge som har delteke i organisert undervisning i alt | Barn og unge som har delteke i organisert undervisning i regi av DKS | Tal museum som har planar for formidling | Tal museum som har planar for formidling til barn og unge | Tal museum som har internettba-serte pedagogiske opplegg for barn og unge |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 5 | 11 883 | 4 357 | 3 | 3 | 4 |
| Innlandet | 10 | 26 564 | 8 349 | 8 | 8 | 2 |
| Møre og Romsdal | 6 | 17 363 | 6 087 | 6 | 5 | 3 |
| Nordland | 7 | 13 287 | 3 921 | 5 | 5 | 4 |
| Oslo | 18 | 68 488 | 13 499 | 15 | 17 | 12 |
| Rogaland | 7 | 53 486 | 6 742 | 7 | 7 | 6 |
| Troms og Finnmark | 13 | 11 090 | 3 895 | 8 | 12 | 5 |
| Trøndelag | 11 | 68 992 | 33 671 | 9 | 8 | 6 |
| Vestfold og Telemark | 5 | 36 013 | 31 606 | 5 | 5 | 3 |
| Vestland | 11 | 24 929 | 5 394 | 9 | 10 | 7 |
| Viken | 11 | 58 726 | 18 268 | 10 | 10 | 6 |
| Svalbard | 2 | 247 | - | 1 | 1 | 1 |
| **I alt** | **106** | **391 068** | **135 789** | **86** | **91** | **59** |

## ↘ Tabell 41 – Universell utforming

| | Tal på einingar | Tilrettelagde lokale for menneske med nedsett funksjonsevne | Tilrettelagd formidling for menneske med nedsett funksjonsevne | Museets heimeside følgde anbefalingane frå DIFI |
|---|---|---|---|---|
| Agder | 5 | 5 | 4 | 5 |
| Innlandet | 10 | 9 | 7 | 9 |
| Møre og Romsdal | 6 | 6 | 6 | 6 |
| Nordland | 7 | 7 | 7 | 4 |
| Oslo | 18 | 15 | 12 | 14 |
| Rogaland | 7 | 7 | 6 | 7 |
| Troms og Finnmark | 13 | 11 | 11 | 7 |
| Trøndelag | 11 | 7 | 7 | 7 |
| Vestfold og Telemark | 5 | 5 | 5 | 5 |
| Vestland | 11 | 11 | 10 | 6 |
| Viken | 11 | 10 | 10 | 9 |
| Svalbard | 2 | 2 | 1 | 1 |
| **I alt** | **106** | **95** | **86** | **80** |

## ↘ Tabell 42 – Opne møte, konsertar, teater og besøk på heimesider

| | Besøk på eiga heimeside | Opne møte | Konsertar | Teateroppsettingar | Framsyningar av teateroppsettingar |
|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 565 258 | 329 | 93 | 1 | 10 |
| Innlandet | 1 017 627 | 344 | 58 | 11 | 23 |
| Møre og Romsdal | 1 196 969 | 292 | 33 | 23 | 169 |
| Nordland | 1 763 730 | 329 | 46 | 19 | 95 |
| Oslo | 3 801 779 | 636 | 19 | 31 | 336 |
| Rogaland | 1 034 946 | 339 | 25 | 4 | 37 |
| Troms og Finnmark | 6 672 907 | 890 | 49 | 5 | 12 |
| Trøndelag | 929 759 | 283 | 98 | 34 | 440 |
| Vestfold og Telemark | 479 813 | 225 | 32 | 8 | 48 |
| Vestland | 1 214 016 | 289 | 164 | 13 | 89 |
| Viken | 1 494 936 | 28 625 | 53 | 13 | 40 |
| Svalbard | 70 000 | 12 | - | - | - |
| **I alt** | **20 241 740** | **32 593** | **670** | **162** | **1 299** |

## ↘ Tabell 43 – Kulturhistoriske bygningar

| | Bygningar i alt | Opne for publikum | Nyopna i løpet av året | Oppmålte | Tilfreds-stillande registrerte | Digitaliserte | Tilgjengelege på internett | Bygningar tekne inn i samlingane | Tilvekst, justert for avhending |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 202 | 103 | 5 | 1 | 99 % | 12 % | 13 % | 0 | 0 |
| Innlandet | 1177 | 482 | 19 | 1 | 82 % | 73 % | 61 % | 1 | 1 |
| Møre og Romsdal | 303 | 160 | 13 | 1 | 68 % | 91 % | 1 % | 0 | 0 |
| Nordland | 412 | 200 | 6 | 1 | 95 % | 89 % | 64 % | 0 | -3 |
| Oslo | 210 | 88 | 6 | 1 | 87 % | 86 % | 86 % | 0 | 0 |
| Rogaland | 253 | 93 | 0 | 1 | 94 % | 93 % | 70 % | 0 | 0 |
| Troms og Finnmark | 368 | 225 | 4 | 1 | 86 % | 69 % | 20 % | 7 | 7 |
| Trøndelag | 473 | 161 | 6 | 1 | 95 % | 59 % | 47 % | 5 | 5 |
| Vestfold og Telemark | 292 | 106 | 2 | 1 | 91 % | 81 % | 69 % | 14 | 14 |
| Vestland | 691 | 248 | 13 | 1 | 85 % | 65 % | 42 % | 0 | -1 |
| Viken | 722 | 256 | 1 | 1 | 96 % | 82 % | 59 % | 6 | -9 |
| Svalbard | 0 | 1 | 0 | | | | | 0 | 0 |
| **I alt** | **5103** | **2123** | **75** | **1** | **88 %** | **74 %** | **51 %** | **33** | **14** |

## ↘ Tabell 44 – Kunsthistoriske gjenstandar

| | Gjenstandar i alt | Tilfreds-stillande registrert | Digitalisert | Tilgjengelege på internett | Del som vert oppbevart under svært gode eller tilfredsstillande tilhøve | Del der det ikkje er rapportert om tilhøve for oppbevaring | Gjenstandar tekne inn i samlingane | Tilvekst, justert for avhending |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 2 790 | 80 % | 18 % | 11 % | 94 % | 0 % | 118 | 118 |
| Innlandet | 3 344 | 88 % | 62 % | 45 % | 42 % | 0 % | 150 | 150 |
| Møre og Romsdal | 2 431 | 62 % | 61 % | 24 % | 79 % | 0 % | 271 | 271 |
| Nordland | 10 968 | 4 % | 1 % | 0 % | 8 % | 0 % | 8 | 8 |
| Oslo | 621 040 | 37 % | 24 % | 13 % | 75 % | 24 % | 724 | 722 |
| Rogaland | 15 147 | 96 % | 60 % | 35 % | 97 % | 0 % | 78 | 78 |
| Troms og Finnmark | 32 625 | 97 % | 50 % | 10 % | 83 % | 0 % | 143 | 143 |
| Trøndelag | 41 847 | 33 % | 26 % | 14 % | 19 % | 1 % | 37 | 37 |
| Vestfold og Telemark | 17 691 | 80 % | 56 % | 13 % | 83 % | 0 % | 319 | 319 |
| Vestland | 60 084 | 86 % | 83 % | 6 % | 58 % | 0 % | 217 | 217 |
| Viken | 20 467 | 93 % | 78 % | 7 % | 88 % | 0 % | 62 | 58 |
| Svalbard | 158 | 53 % | 91 % | 53 % | 100 % | 0 % | - | - |
| **I alt** | **828 592** | **46 %** | **32 %** | **13 %** | **71 %** | **18 %** | **2 127** | **2 121** |

## ↘ Tabell 45 – Kulturhistoriske gjenstandar

| | Gjenstandar i alt | Tilfreds-stillande registrert | Digitalisert | Tilgjengelege på internett | Del som vert oppbevart under svært gode eller tilfredsstillande tilhøve | Del der det ikkje er rapportert om tilhøve for oppbevaring | Gjenstandar tekne inn i samlingane | Tilvekst, justert for avhending |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 150 038 | 38 % | 61 % | 13 % | 80 % | 0 % | 457 | 456 |
| Innlandet | 412 820 | 42 % | 74 % | 32 % | 61 % | 0 % | 10 169 | 9 776 |
| Møre og Romsdal | 133 323 | 58 % | 54 % | 23 % | 61 % | 0 % | 511 | 397 |
| Nordland | 277 735 | 27 % | 51 % | 11 % | 63 % | 0 % | 714 | 714 |
| Oslo | 1 120 806 | 25 % | 48 % | 26 % | 27 % | 62 % | 2 963 | 2 836 |
| Rogaland | 279 177 | 41 % | 56 % | 25 % | 77 % | 0 % | 727 | 501 |
| Troms og Finnmark | 150 227 | 51 % | 62 % | 22 % | 61 % | 0 % | 2 912 | 2 885 |
| Trøndelag | 334 652 | 50 % | 77 % | 35 % | 76 % | 2 % | 1 868 | 1 728 |
| Vestfold og Telemark | 254 584 | 47 % | 69 % | 24 % | 65 % | 1 % | 2 170 | 2 132 |
| Vestland | 457 643 | 40 % | 58 % | 26 % | 62 % | 0 % | 5 042 | 3 595 |
| Viken | 416 910 | 20 % | 49 % | 10 % | 54 % | 0 % | 819 | -45 |
| Svalbard | 3 815 | 82 % | 89 % | 79 % | 100 % | 0 % | 133 | 133 |
| **I alt** | **3 991 730** | **35 %** | **58 %** | **24 %** | **54 %** | **18 %** | **28 485** | **25 108** |

## ↘ Tabell 46 – Arkeologiske gjenstandar

| | Gjenstandar i alt | Tilfreds-stillande registrert | Digitalisert | Tilgjengelege på internett | Del som vert oppbevart under svært gode eller tilfredsstillande tilhøve | Del der det ikkje er rapportert om tilhøve for oppbevaring | Gjenstandar tekne inn i samlingane | Tilvekst, justert for avhending |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 698 | 70 % | 63 % | 9 % | 100 % | 0 % | - | - |
| Innlandet | 10 999 | 92 % | 42 % | 40 % | 99 % | 0 % | 5 | 5 |
| Møre og Romsdal | 668 | 100 % | 100 % | 100 % | 95 % | 0 % | - | - |
| Nordland | 330 | 8 % | 0 % | 0 % | 94 % | 0 % | - | - |
| Oslo | 2 487 093 | 100 % | 3 % | 2 % | 2 % | 97 % | 106 882 | 106 882 |
| Rogaland | 1 451 594 | 100 % | 100 % | 100 % | 80 % | 0 % | 30 814 | 30 814 |
| Troms og Finnmark | 322 753 | 100 % | 90 % | 60 % | 5 % | 0 % | 4 220 | 4 220 |
| Trøndelag | 1 812 437 | 94 % | 94 % | 94 % | 0 % | 100 % | 8 616 | 8 616 |
| Vestfold og Telemark | 1 941 | 99 % | 73 % | 42 % | 100 % | 0 % | - | - |
| Vestland | 2 147 497 | 56 % | 1 % | 0 % | 70 % | 0 % | 41 540 | 41 540 |
| Viken | 314 | 100 % | 0 % | 0 % | 100 % | 0 % | - | - |
| Svalbard | 50 043 | 13 % | 12 % | 12 % | 100 % | 0 % | 501 | 501 |
| **I alt** | **8 286 367** | **87 %** | **43 %** | **41 %** | **34 %** | **51 %** | **192 578** | **192 578** |

## ↘ Tabell 47 – Naturhistoriske gjenstandar

| | Gjenstandar i alt | Tilfreds-stillande registrert | Digitalisert | Tilgjengelege på internett | Del som vert oppbevart under svært gode eller tilfredsstillande tilhøve | Del der det ikkje er rapportert om tilhøve for oppbevaring | Gjenstandar tekne inn i samlingane | Tilvekst, justert for avhending |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Agder | 123 267 | 83 % | 72 % | 65 % | 10 % | 0 % | 2 549 | 2 304 |
| Innlandet | 6 879 | 52 % | 35 % | 14 % | 82 % | 0 % | 63 | 63 |
| Møre og Romsdal | 1 656 | 60 % | 60 % | 42 % | 96 % | 0 % | 5 | 5 |
| Nordland | 24 266 | 98 % | 90 % | 47 % | 90 % | 0 % | 113 | 113 |
| Oslo | 6 028 759 | 100 % | 50 % | 29 % | 30 % | 62 % | 42 000 | 42 000 |
| Rogaland | 36 519 | 64 % | 20 % | 30 % | 92 % | 0 % | 1 533 | 1 065 |
| Troms og Finnmark | 629 182 | 90 % | 84 % | 50 % | 92 % | 0 % | 1 770 | 1 770 |
| Trøndelag | 1 615 112 | 88 % | 88 % | 77 % | 0 % | 2 % | 35 803 | 35 803 |
| Vestfold og Telemark | 1 696 | 82 % | 48 % | 46 % | 70 % | 1 % | - | -131 |
| Vestland | 2 167 659 | 72 % | 5 % | 5 % | 99 % | 0 % | 8 624 | 5 624 |
| Viken | 11 140 | 56 % | 46 % | 42 % | 41 % | 0 % | - | - |
| Svalbard | 418 | 100 % | 100 % | 100 % | 100 % | 0 % | 4 | 4 |
| **I alt** | **10 646 553** | **92 %** | **49 %** | **33 %** | **43 %** | **18 %** | **92 464** | **88 620** |

## ↘ Tabell 48 – Fotografi

| | Fotografi i alt | Fotografi registrert | Digita-liserte fotografi | Fotografi tilgjengelege på internett | Del som vert oppbevart under svært gode eller tilfredsstillande tilhøve | Del der det ikkje er rapportert om tilhøve for oppbevaring | Fotografi tekne inn i samlingane | Tilvekst, justert for avhending |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Oslo | 7 640 110 | 22 % | 19 % | 13 % | 74 % | 17 % | 58 246 | 58 246 |
| Trøndelag | 5 344 242 | 11 % | 6 % | 2 % | 96 % | 0 % | 604 438 | 604 438 |
| Vestland | 839 779 | 42 % | 45 % | 17 % | 42 % | 0 % | 6 803 | 6 803 |
| Agder | 308 100 | 24 % | 8 % | 4 % | 96 % | 1 % | 7 205 | 7 205 |
| Troms og Finnmark | 1 203 075 | 34 % | 35 % | 21 % | 60 % | 1 % | 39 292 | 39 292 |
| Rogaland | 1 489 388 | 24 % | 34 % | 16 % | 82 % | 0 % | 21 178 | 17 966 |
| Innlandet | 7 050 224 | 17 % | 14 % | 6 % | 38 % | 0 % | 48 628 | 48 627 |
| Møre og Romsdal | 2 074 679 | 17 % | 25 % | 10 % | 95 % | 0 % | 7 520 | 7 520 |
| Svalbard | 28 387 | 100 % | 100 % | 86 % | 100 % | 0 % | 1 291 | 1 291 |
| Viken | 6 837 980 | 11 % | 4 % | 2 % | 85 % | 5 % | 788 773 | 788 759 |
| Vestfold og Telemark | 4 935 419 | 5 % | 5 % | 2 % | 47 % | 0 % | 384 920 | 384 920 |
| Nordland | 1 397 596 | 26 % | 28 % | 9 % | 66 % | 0 % | 30 583 | 30 583 |
| **I alt** | **39 148 979** | **16 %** | **14 %** | **7 %** | **69 %** | **4 %** | **1 998 877** | **1 995 650** |